



MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

Møtedato: 08.06.2017
Møtestad: Møterom 4. etasje Heradshuset
Møtetid: 13.00 - 16.00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Helge Risnes		Utvalsleiar
Bjarnhild Helle		Nestleiar
Agnar Sellevold		Medlem
Sigmund Simmenes	SP	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Heidi Rongved	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Karin B. Groth	FRP	

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og kommunalsjef/prosjektleiar
Truls Morten Kaland, økonomisjef, deltok under sak 11/2017

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
07/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
08/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
09/2017	REFERATSAKER OG MELDINGAR
10/2017	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
11/2017	HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2018-2021 - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET



07/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldrerådet 08.06.2017

Behandling:

ELD - sak 07/2017 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

08/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Eldrerådet 08.06.2017

Behandling:

ELD - sak 08/2017 Vedtak/Tilråding:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

09/2017: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Eldrerådet 08.06.2017



Behandling:

ELD - sak 09/2017 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

10/2017: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

- **Eldredagen 2017.**
- **Orientering om status i "Lev Vel i Vaksdal" med underprosjekt. V/ kommunalsjef og prosjektleiar Solrun Hauglum.**
- **Tilbod om kurs/føredrag i velferdsteknologi frå Pensjonistforbundet. Eventuelle datoar.**

Eldrerådet 08.06.2017

Behandling:

- Eldredagen 2017: Turbinen var oppteken, Bedehuset på Dale er bestilt. Sekretær vert bedt om å senda fast reservasjon av Turbinen 1. oktober i fleire år framover, gjeld foajéen med tilgang til kjøken. Harald Stangehelle har sagt ja til å ha innlegg. Resultata frå innbyggjarundersøkinga skal også presenterast.
- Prosjektleiar/kommunalsjef Solrun Hauglum orienterte om status i "Lev Vel".
- Eldrerådet ønskjer å takka ja til Pensjonistforbundet sitt tilbod om kurs i velferdsteknologi. Foreslått dato er 18. oktober, tidspunkt ettermiddag, ferdig før 18.30. Bedehuset på Dale er aktuelt lokale. Sekretær kontaktar Pensjonistforbundet angående dato/tidspunkt.

ELD - sak 10/2017 Vedtak/Tilråding:

Saka vert tatt til orientering.

Sekretær reserverar Turbinen 1. oktober i fleire år framover og kontaktar Pensjonistforbundet angående kurs i velferdsteknologi.



11/2017: HANDLINGSPROGRAM OG ØKONOMIPLAN 2018-2021 - UTTALE FRÅ ELDRERÅDET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til Handlingsplan og Økonomiplan 2018 – 2021 vert teke til orientering.

Eldrerådet 08.06.2017

Behandling:

ELD - sak 11/2017 Vedtak/Tilråding:

Rådmannen sitt framlegg til Handlingsplan og Økonomiplan 2018 – 2021 vert teke til orientering.

Eldrerådet er bekymra for dei økonomiske utsiktene i kommunen og ser det som viktig å tilretteleggja for aktivitet og god folkehelse.



Eventuelt:

- Spørsmål om bruk av aldersbustadane på Jamnetunet. Kommunalsjef orienterte om at det vert starta oppussing/oppgradering av to ledige leilegheiter hausten 2017. Det har vore informasjonsmøte for bebuarar med pårørande.
- Den kulturelle spaserstokken. Orientering ved Agnar Sellevold. Det er betre oppmøte på arrangementa. Det vert jobba med program for hausten. Bør vurderer annonsering i lokalavisa, men må i tilfelle dekkja kostnad med det.
- Gåve frå Eldrerådet til sjukeheimane. Eldrerådet ga i vinter ei pengegåve som skulle nyttast til arrangement/kjekke opplevingar for flest mogeleg av dei som bur på sjukeheimane. Kommunalsjef orienterte om at desse midlane truleg vert nytta i samband med sommarfesten på institusjonane.
- Eldrerådet ønskjer dialog med frivillige/Frivilligsentralen og ungdomar v. Ungdomsrådet angåande aktivitet og arrangement på sjukeheimane. Frivilligsentralen, Røde Kors besøksteneste og Ungdomsrådet vert invitert til neste møte i Eldrerådet for å drøfta dette.
- Neste møte i Eldrerådet: torsdag 31. august kl. 13.00 - 15.00.